

Til
Kulturdepartementet
P.b. 8030 Dep.
0030 Oslo

Voss, den 25.06.2013

Høyring av NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014

Høyringsuttale frå Ole Bull Akademi

Ole Bull Akademi er glade for det solide arbeidet som er gjort for å kartlegge kulturlivet i Noreg, og sjå satsinga som har blitt gjennomført i perioden 2005 og fram til i dag i eit heilskapleg lys. Hovudintrykket vårt er at det er gjort ein del viktige disposisjonar som har styrkt kulturlivet i Noreg. Vi ønskjer likevel å kommentere ein del trekk som vi, frå vår ståstad som utdanningsinstitusjon for tradisjonsmusikk, ser på som utfordrande og ønskeleg å endre i åra som kjem.

Våre kommentarar og tilbakemeldingar går på følgjande punkt:

Kap. 11 Den statlege kulturpolitikken

11.4.2 Utviklinga på musikkfeltet

Det har blitt oppretta nye scener og institusjonar, mellom anna rytmiske kompetansesentra m.m. Samstundes vart Rikskonsertene fråteke ansvaret for offentlege konsertar. Etter Ole Bull Akademi si vurdering er dette ei av dei mest uheldige kulturpolitiske avgjerdene som har blitt gjort i denne perioden. Det var behov for endring og reorganisering av Rikskonsertene, men å kutte ordninga med offentlege konsertar var uheldig. Det er i dag ingen som står klår til å ta over dei større kostnadsnivåande ikkje-kommersielle konsertprosjekta. Rikskonsertene produserte også ei lang rekkje crossover-prosjekt, der særleg folkemusikarar opp gjennom åra fekk til dels store oppgåver. Det er per i dag ingen organisasjonar eller bookingbyrå som står klar til å vidareføre slike prosjekt. Heller ikkje dei unike møta med musikarar frå andre kontinent vil bli særleg å sjå og høyre i distrikts-Noreg. For kulturhusa har det difor blitt eit fattigare tilbod, der ein allereie ser tendensen til at "gamle," etablerte artistar blir føretrekt framfor nye, usikre og grensesprengande prosjekt. Desse blir for dyre for små konsertarrangørar, som då står ansvarleg både for utviklings- og produksjonskostnadane. Særleg innafor folkemusikk og jazz vart det produsert

konserter i regi av Rikskonsertene som har flytta norsk musikk framover, og det er betenkeleg at desse konsertopplevingane no er vekke.

11.5. Museum og kulturvern

Så vidt vi kan sjå av utredninga så handlar kapittelet om kulturminnevern utan unntak om bygningar og gjenstandar. I kapittelet er det ikkje nokon diskusjon om kva det inneber at Stortinget i 2006 ratifiserte UNESCO-konvensjonen om den immaterielle kulturarven. Dette er ein konvensjon som har stor betydning for bevaringa av den handlingsborne kunnskapen i samfunnet. «I et globalt kultur mangfoldsperspektiv tydeliggjøres også myndighetenes ansvar for å sørge for å videreføre og utvikle det norske samfunnets felles kulturarv som en del av det globale kultur mangfoldet». (Enger, 2013 s. 89).

Bygging av hardingfeler er ein handverkstradisjon som har røter tilbake til 1500-talet, og denne tradisjonen er no truga av at det ikkje er eit formelt utdanningstilbod i hardingfelebyggerfaget. 4 av dei 6 aktive profesjonelle hardingfelemakarane som er aktive, nærmar seg raskt pensjonsalder, eller har gått av for aldersgrensa. Ole Bull Akademiet er no i dialog med Kulturdepartementet om å få oppretta eit studium i hardingfelebyggerfaget. Dette tiltaket er viktig sett frå eit kulturvernssynspunkt, då den handlingsborne kunnskapen som ligg i å bygge hardingfeler blir teke vare på, og vidareutvikla. Å utdanne gode hardingfelemakarar er viktig også ut frå eit musikarsynspunkt, då eit raskt veksande tal på aktive hardingfelespelarar treng nye og godt vedlikehaldne instrument.

11.6. Arkiv

Ole Bull Akademiet er uroa for at lydarkiva til no ikkje har fått det fokuset som dei burde hatt. Etter vårt syn har lydarkiva blitt hengande etter medan resten av museumssektoren har fått ein monaleg auke. Dei private, kommunale og fylkeskommunale folkemusikkarkiva manglar ein samordna plan for digitalisering. (...)«Det er behov for et nasjonalt løft for å skaffe oversikt over dette viktige materialet. Det må sikres gjennom digitalisering, og det bør gjøres tilgjengelig gjennom formidling og forskning» (Enger, 2013 s. 158) (...). Det innsamla lyd materialet representerer ein viktig del av nyare norsk kulturhistorie, og det er i dag for stor grad opp til kvar enkelt lokalt arkiv å bestemme takten på digitaliseringsprosessen, om den i det heile er komen i gang. Ole Bull Akademiet meiner difor at det må til ei nasjonal samordning, der alle små arkiv kan knytast saman. Dette for å auke takten på digitaliseringsprosessen, samstundes som lagring på ein nasjonal server, t.d. administrert av Nasjonalbiblioteket kan gjere det innsamla materialet søkbart både til forskningsbruk og til formidling.

11.14. Norsk kulturråd

Norsk kulturråd har dei siste åra vakse seg store, og Ole Bull Akademiet deler også skepsisen til at armlengdeprinsippet har blitt utvatna.

Tilskotsordningane er i dag mange, og det kjem mykje positiv kulturproduksjon ut av desse. Samstundes er det eit inntrykk at det dei siste åra har blitt ei aukande byråkratisering i Norsk kulturråd.

11.17.2 Satsting på kultur og næring

Levekår for musikarar er eit viktig moment for ein utdanningsinstitusjon som utdannar utøvande musikarar. Det er etter vår meining sterkt ønskeleg at levekåra til norske frilans musikarar blir betra. Her er det viktig at stipend og andre støtteordningar følgjer utviklinga i resten av samfunnet. Samstundes er det i dag mange om beinet, og alle kan ikkje overleve som utøvande kunstnar på heiltid. Difor er det viktig å sjå heilskapleg på kulturfeltet, der både undervisning i kulturskular og utøvande verksemd kan kombinerast.

Kap. 12 kommunal og fylkeskommunal kulturpolitikk

12.11. Kulturskular

Kulturskulane har etter vårt syn ikkje fått det løftet som vart lova, og vi er heilt einig i at det bør satsast meir på kulturskulane i åra som kjem. Det er viktig at det kjem ein rammeplan for kulturskulane som definerer krav til innhald og målsetjingar. Det må samstundes vere rom for lokale variasjonar. Det er i dag i all hovudsak opp til rektor i kulturskulen å definere innhald og prioriteringar. Dette er sjølvstøtt bra, men det er mange stader ei utfordring å få folkemusikk og folkedans inn som tilbod i kulturskulane.

Kommunane har ei viktig oppgåve i å stimulere arbeidet med folkemusikk- og folkedanstradisjonane, og kulturskulane, i nært samarbeid med friviljuge lag og organisasjonar, er ein viktig nøkkel for auka rekruttering i åra som kjem. Ole Bull Akademiet og andre høgare utdanningsinstitusjonar treng sterke kulturskular og sterke musikklinjer for at rekrutteringa skal halde seg på eit akseptabelt nivå i åra som kjem.

12.21 Det frivillige kulturlivet

Ole Bull Akademiet ser med uro på at dei tradisjonelle friviljuge organisasjonane slit i motbakke. Det er viktig at grunnmuren i kulturlivet fungerer. Innafor vårt felt ser vi den store verdien som ligg i eit tett samarbeid mellom ein sterk og velfungerande kulturskule, og eit lokalt friviljug lag som har ein sunn og god miljøskapande profil. Dette gjeld både innafor folkemusikk (spelemannslag og ungdomslag), kor og korps. Samstundes må ein innsjå at samfunnet endrar seg, og at dei friviljuge organisasjonane endrar seg i takt med samtida. Her har dei store organisasjonane ei utfordring, både nasjonalt, regionalt og lokalt.

Kap. 16 oppsummering av tilrådingar

Ole Bull Akademiet støttar forslaget om å øymerke midlar til eit lokalt kulturløft i kommunane i ein periode (Kap. 16, s. 318), retta mot m.a. kulturskular og dirigentlønnsordning. Den friviljuge sektoren, og det lokale kulturlivet er viktig i eit nasjonalt perspektiv. Eit rikt lokalt kulturliv, med aktive kulturformidlarar og kulturkonsumentar, er med å styrke lokaldemokratiet. Samstundes er det viktig at det lokale kulturlivet står sterkt, då dette også er med på å legitimere ressursbruk og satsing på dei nasjonale institusjonane. Gode og innovative kulturskular er også viktige både for rekruttering til nasjonale utdanningsinstitusjonar og nasjonale institusjonar.

Det har blitt satsa etter måten store summer på bygg og drift av dei nasjonale scenene, og dette er noko som kjem kulturlivet til gode på lang sikt. Det er samstundes viktig at

fokuset i åra som kjem i større grad må gå på publikumsbygging, og kunstnarisk produksjon.

Ole Bull Akademiet er eining i at det bør opprettast ei ordning med dirigentløn for friviljuge lag og organisasjonar. Dette må vere ei ordning som også gjeld instruktørar i spelemannslag og ungdomslag. For å sikre rekrutteringa til folkemusikk og folkedans i åra som kjem, må ein berre innsjå at også spelemannslaga og ungdomslaga i stadig større grad må nytte seg av profesjonelle instruktørar, og der det friviljuge lagsarbeidet blir den miljøskapande råma rundt.

Jo Asgeir Lie
Rektor